

LANDBRUKS- KONFERANSEN

Landbruket inn i framtida

Mat må me ha - bonden, jorda og naturen i samspel



**IMI Forum
Stavanger**

20. mars 2023

ROGALAND BONDELAG



LANDBRUKSRÅD
ROGALAND



Statsforvalteren i Rogaland




ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



agrovisjon





**LANDBRUKS-
KONFERANSEN**
Landbruket inn i framtida

Mat må me ha - bonden, jorda og naturen i samspel **20. mars 2023, IMI Forum i Stavanger**

Bonden, jorda og naturen er dei viktigaste føresetnadane for matproduksjonen. Er det slik at vi tek desse for gitt og er det grunnar til uro? Blir teknologien den viktigaste drivaren i åra som kjem eller bør vi i større grad leggja vekt på dei sosiale tilhøva og samspelet med naturen? Kva vil bøndene sjølve velja framover? Årets landbrukskonferanse kan hende gi nokre svar. Uansett vil du som deltakar bli litt klokare. Velkomen!

Møteleiar: Bothild Åslaugsdotter Nordsletten (dagleg leiar og redaktør Bondevennen)

08.30 Registrering og servering av te, kaffi og frukt

09.00 Velkomen ved Ståle Hustoft, jordbrukar frå Nedstrand

Miljømessig berekraft—Naturvern og jordvern

09.15 Landbruket må ta omsyn til naturen. Liv Guri Velle, forskingsleiar i Møreforsking

10.00 Kampen om jorda – kommunane sitt handlingsrom til å tilbakeføre utbyggingsområde til jordbruksformål. Nikolai K. Winge, dagleg leiar i Holth & Winge

10.30 Ordførarar kommenterer, Sigmund Lier frå Tysvær kommune og Odd Stangeland frå Eigersund kommune

10.50 Pause

Økonomisk og sosial berekraft—Fleire bein å stå på

11.10 God inntening på vidareforedling av skogressursane i kombinasjon med mjølkeproduksjon. Kjetil Skartland, bonde og skogeigar

11.35 Inn på tunet – garden som arena for demensomsorg. Marit og Arthur Salte frå Torvholen Gard Time kommune sine erfaringar med Inn på tunet, og korleis garden kan bidra til kommunal oppgåveløysing. Andreas Vollsund, ordførar i Time kommune

12.00 Lunsj med lokalmat og drikke frå Rogaland

13.00 Utdeling av Heidersprisen for landbruket i Rogaland ved Geir Skadberg, styreleiar i Rogaland landbruksselskap

13.15 Teknologi, kunstig intelligens og robotisering i drivhus. Jean-Marc Launay, leder forretningsutvikling, Trolltunga Robotics AS

13.35 Rogalandsbonden må ta mange val nå om dagen - skal, skal ikkje om vegval, økonomi/lønsemd. Bjarne Holm, direktør i Norsk Landbruksrådgiving

14.15 Pause

14.35 Om lag kvar tredje mjølkeprodusent i Rogaland vil slutta med mjølk innan 15 år. Kommenterar frå TINE ved Asgeir Pollestad og Q-meieriet ved Geir Vestly

14.50 Bonde i medgang og motgang, korleis unngå psykiske utfordringar. Halle Arnes, fagkoordinator HMS i Norsk Landbruksrådgiving

15.20 Kort oppsummering av dagen ved konferanseleiar

15.30 Takk for i dag. Vel heim!

**Bothild Åslaugsdatter Nordsletten –
Dagleg leiar og redaktør i Bondevennen**

Bothild har eit stort jordbruksengasjement: Når me nå står andsynes både klima- og naturkrise har noko gått veldig gale i kultu- ren vår. Framover må me derfor dyrka både jorda og samfunna våre med naturen si toleevne som premiss.



Foto: Mikkjell Lønning



**Marit og Arthur Salte –
Torvholen gard**

Arthur og Marit har drive garden i 30 år med kombinert svine- produksjon, mjølk- og kjøttproduksjon, i tillegg

til ein maskinstasjon. I 2021 blei garden Inn på tunet godkjent og tilbyr i dag demensomsorg på gard til Klepp og Time kommune tilpassa personar i tidleg stadium av demenssjukdom.



**Andreas Vollsund – Ordførar i Time
kommune (til høgre)**



Ståle Hustoft

Jordbrukar frå
Nedstrand



**Liv Guri Velle – Forskingsleiar, PhD,
Møreforsking**

Liv Guri Velle er utdanna vegeta- sjonsøkolog og jobbar som forskar og forskingsleiar i Møreforsking. Velle si forskning handlar i stor grad om korleis kulturbetinga naturtypar blir påverka av endringar i arealbruk og klima. Ho brenn særleg for kystlynghei, som ho har jobba mykje med.

**Jean-Marc Launay – Leder Forretningsutvikling
Trolltunga Robotics AS**

Trolltunga Robotics består av fire selskap i Norge og Sverige med 60 tilsette, kor blant anna RobotNorge er lokalisert på Klepp. Ei viktig satsing er robotløyisingar der kamera og kunstig intelli- gens mogleggjer avansert handtering av landbrukspro- dukt.



**Nikolai K. Winge – Dagleg leiar Holth og
Winge**

Nikolai er aktiv i samfunnsdebatten om arealforvaltning. Han fekk H.M Kongens medalje for arbeidet med doktorgradsav- handlinga «Kampen om areala» i 2012. Gjennom kunnskapsformidling ønsker han at kommunane skal lærast opp til ei arealforvaltning som i større grad tek vare på berekraftsmåla.

**Bjarne Holm – Direktør
Norsk Landbruksrådgiving**

Oppvaksen på gard var vegen kort til ein doktorgrad innafor svine- genetikk frå NMBU. Som sjef for avl i Norsvin, og deretter i konsernleiinga i Topigs Norsvin i Nederland. Med fire år som utviklingssjef i Felleskjøpet Agri, før han i 2021 ble direktør i NLR.



Foto: Jørgen Tine



**Sigmund Lier –
Ordførar i Tysvær
kommune (til venstre)**

**Odd Stangeland –
Ordførar i Eigersund
kommune (til høgre)**



**Halle Arnes –
Fagkoordinator HMS Norsk
Landbruksrådgiving**

Halle er utdanna agronom og maskinkøyrar og dreiv gard med mjølkeproduksjon i kombinasjon med HMS- arbeid lokalt på Sør Helgeland. I NLR har han kontakt med 16 bedriftshel- setenester og ansvar for ca. 9000 kundar - ikkje minst hjelp til bønder i motbakke.



Kjetil Skartland

Gardbrukar og skogeigar frå Vikebygd i Vindafjord.





Landbruksjord må vike til fordel for einebustad på Kleppe. Foto: Annabell Pfluger

Velkomen til årets landbrukskonferanse i Rogaland

Målgruppe

Folkevalde i kommunane og fylkeskommunen, bønder og representantar for bondeorganisasjonar, tilsette i kommunal-, regional- og statleg landbruksforvaltning, næringar knytt til landbruket og elles alle med interesse for landbruk og landbrukspolitikk.

Praktiske opplysningar

20.mars kl 09.00 til 15.30. Registrering og noko å bite i frå kl 8.30. Konferansen vert arrangert på IMI Forum, Gunnar Warebergs gate 15, 4021 Stavanger (Tjensvoll). Parkering ved P-Forum.

Påmelding

Frist for påmelding er 10. mars på www.statsforvalteren.no/rogaland i menyen kurs og konferansar under Landbruk og mat. Påmelding er heilt bindande etter 10. mars. Me tek atterhald om endringar i programmet.

Pris

Konferanseavgifta er kr 950,-.

Kontaktpersonar

Åse Hodne Hørsdal, ashho@statsforvalteren.no, 413 53 460
Aurora Skimmeland, auski@statsforvalteren.no, 51 56 87 08

